



Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 15/11744-2

## **Fordeling av utviklingskostnader mellom fylkeskommunane for alle fagsystem knytt til Vigo IKS**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Selskapsavtalen for VIGO IKS vert vidareført utan endringar.
2. Det vert innført ny modell for fordeling av utviklingskostnader mellom fylkeskommunane. Ny kostnadsfordeling mellom fylkeskommunane vert endra med ei gradvis opptrapping av ny kostnadsfordeling slik det går fram av tabellen under:

Kostnadsgruppe/År	2017	2018	2019
Delast likt	90 %	80 %	70 %
Delast etter elevtal	10 %	20 %	30 %

Vedlegg:

1. Brev frå VIGO IKS, datert 26.10.15 *Kostnadsfordeling vedrørende utviklingskostnader for alle fagsystem tilknyttet VIGO IKS*
2. Selskapsavtale for Vigo IKS (vedlegg 1 til FT-sak 63/10)

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. FT-sak 63/10 *Opprettning av eit felles interkommunalt selskap (IKS) for å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skuleadministrative system.*
2. FT-sak 08/12 *Kjøp av nytt felles skuleadministrativt system (SAS).*

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

FT vedtok i sak 63/10 *Opprettning av eit felles interkommunalt selskap (IKS) for å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skuleadministrative system* at Sogn og Fjordane fylkes-kommune skulle gå inn som eigar i eit felles interkommunalt selskap for fylkeskommunane – Vigo IKS. Fylkestinget godkjende i vedtaket framlegget til selskapsavtale for det nye selskapet. Det vart i saka også vedteke at fylkeskommunen ville ta del i det vidare arbeidet med å setje i verk eit for-prosjekt der det blir utarbeidd ein plan for anskaffing, implementering og kostnadsfordeling av eit felles skuleadministrativt system.

FT gjorde i sak 08/12 Kjøp av nytt felles skuleadministrativt system (SAS) følgjande vedtak:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune vil delta i det vidare samarbeidet mellom fylkeskommunane, organisert gjennom Vigo IKS, om innkjøp av eit felles skuleadministrativt system.*
2. *Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at fordelinga av kostnadene ved det nye systemet ikkje er avklara. Fylkestinget understreker at kostnadene bør fordelast på ein slik måte at ein tek rimeleg omsyn til bruksomfanget i den einskilde fylkeskommune.*
3. *Finansiering av kostnadene ved kjøp av nytt system må vurderast i samband med komande budsjettprosess.*

Representantskapen for Vigo IKS gjorde på møte 23.09.15, mot ei stemme (Oslo kommune), følgjande vedtak:

1. *Det foreslås at nåværende selskapsavtale videreføres uten endringer.*
2. *Ny kostnadsfordeling foreslås endret med en gradvis opptrapping av ny kostnadsfordeling i henhold til tabellen under.*

Kostnadsguppe/ÅR	2017	2018	2019
Deles likt	90 %	80 %	70 %
Deles etter elevtall	10 %	20 %	30 %

Fordelinga gjeld elevar i vidaregåande skule og kostnadsfordelinga det er føreslått endringar på er utviklingskostnader for alle fagsystem knytt til Vigo. Vedtaket inneber at delinga 70-30 vert liggande fast frå og med 2019.

Administrasjonskostnadene av Vigo IKS og driftsutgifter ved fagsystema skal fordelast likt (vert ikkje påverka av framleggget).

I brev frå VIGO IKS, datert 15.09.15, vert fylkeskommunane/Oslo kommune bedne om å gjere endeleg vedtak og sende vedtaket til VIGO IKS innan 1. april 2016. Etter avtale med Vigo IKS har Sogn og Fjordane fylkeskommune fått utsett fristen for innsending av vedtak til saka er handsama av fylkestinget på møtet 19. april.

## **2. Fylkesrådmannen si vurdering**

I saksutgreiinga til FT-sak 08/12 heiter det m.a.:

*Fylkesrådmannen meiner det er naturleg å dele kostnaden både ved innkjøp og bruk av nytt system på fylkeskommunane etter elevtal. Kostnadene ved prosjektet med nytt SAS (forstudie og forprosjekt) har så langt vore fordelt likt på fylkeskommunane. Fylkesrådmennene har sett ned eit utval som skal vurdere fordelinga av utgifter for heile Vigo-systemet. Fram til det ligg føre eit framlegg frå dette utvalet, er det ut frå praksis, lagt til grunn ei lik fordeling av kostnadene ved innkjøpsprosessen på fylkeskommunane. Når det gjeld driftsutgifter er praksis å fordele kostnad etter elevtal.*

Som, det går fram av brevet frå Vigo IKS, har utviklingskostnadene auka monaleg. I 2015 betalte fylkeskommunen til saman om lag 3,0 mill. kr for utvikling av fagsystem knytt til Vigo (sentrale utviklingsprosjekt). I 2016 er utviklingskostnadene rekna til om lag 4,2 mill. kr. I tillegg kjem kostnadene ved lokalt innføringsprosjekt VISMA Flyt Skole. Etter fylkesrådmannen si vurdering forsterkar utviklinga med auka utviklingskostnader det urimelege i å dele utviklings-kostnadene likt på fylkeskommunane. Dette som følgje av at små fylkeskommunar med lågt elevtal får mindre rammeoverføring frå staten enn store fylkeskommunar med høgt elevtal.

Fylkesrådmannen meiner prinsipielt at ein større del av utviklingskostnadene enn det som ligg i framleggget frå Vigo burde vore fordelt etter elevtal. I brevet frå Vigo IKS vert det presisert at dersom det ikkje er semje om nytt framlegg til kostnadsfordeling, vil dagens kostnadsfordeling bli vidareført. Framlegget frå Vigo IKS vart vedteke i representantskapsmøtet, mot ei stemme.

Etter ei samla vurdering meiner fylkesrådmannen at Sogn og Fjordane fylkeskommune bør slutte seg til Vigo IKS sitt framlegg til fordeling av utviklingskostnader mellom fylkeskommunane.